



## Møteprotokoll for Arbeidsmiljøutval

**Møtedato:** 26.11.2018  
**Møtestad:** Formannskapsrommet  
**Møtetid:** 09:00 - 11:00

Orienteringssaker:

- Sjukefråver 2018 pr. 3. kvartal.
- Status vernerundar
- Modalen kvalitet – status.
- Status handlingsplan bedriftshelsetenesta.
- Medlevarturnus på Modalstunet – status.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kari Øvretveit		Arbeidstakerrep.	
Kristin Meiling		Arbeidstakerrep.	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	Meldt forfall. Kristin Meiling er vara.
Jorunn Brekkhus		Arbeidstakerrep.	
Nina Bolstad Eidsnes	SA	Medlem	Forfall

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann		
Tom Kristian Imsland	Politikar		

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
007/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/2018	Godkjenning av møtebok
009/2018	Orienteringssaker
010/2018	Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022

**Notat frå møtet:**

007/2018: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

---

008/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

009/2018: Orienteringssaker

Behandling:

Assisterande rådmann orienterte om:

- Sjukefråver 2018 pr. 3. kvartal. Sjukefråveret i 2018 er pr 3. kvartal 6%, noko som er vesentleg lågare enn 2017. To tiltak har vore prioritert å arbeide med: leiar før lege og eigenmelding før sjukemelding.
- Status vernerundar: Utført for 2018, utanom Helsesenteret, der ein skal ha vdernerunde 10. des. Har utarbeidd ny rutine som vert lagt inn i kvalitetsstyringssystemet. Rapport til rådmannen innan 31.12 kvart år
- Modalen kvalitet – status: Elektronisk kvalitetsstyringssystem - KF kvalitet. Ligg på kommunen sitt Intranett og er tilgjengeleg for alle tilsette. Mykje er allereie på plass og målet er at alle modulane skal vere klare og i bruk i løpet av 1. kvartal 2019.
- Status handlingsplan bedriftshelsetenesta: Dei fleste planlagte tiltaka for 2018 er gjennomført, medan nokre er på vent.
- Medlevarturnus på Modalstunet – status: Det er sendt søknad til NSF sentralt om å få nytte medlevarturnus. Dette vart etter kvart eit krav frå NSF lokalt. Pr. no ventar me på svar. Svaret frå dei vil styre vidare utvikling i saka. Det vil difor ikkje vere aktuelt med oppstart allereie frå januar 2019,

då det er mykje arbeid med mellom anna turnusplanlegging/bemanningsplan som må gjerast før ein evt kan setje gong forsøksprosjektet. Dei tillitsvalde er nøgd med informasjon og prosessen som har vore fram til no i denne saka. Eit viktig punkt i det vidare arbeidet, dersom medlevarturnusen vert starta opp, er informasjon og involvering frå tillitsvalde i når det skal utarbeidast bemanningsplan/turnus for dei tilsette som ikkje skal gå i medlevarturnus.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

010/2018: Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om framlagt budsjett og økonomiplan og prosessen framover mot endeleg vedtak i kommunestyret 13. des

Vedtak:

AMU tek budsjett og økonomiplan til orientering

---